

«Til for bonden»

Opplever du kvardagen vanskeleg – og ønskjer ein å snakka med?

Du kan ringa 950 09 000 alle dagar mellom kl. 09.00-21.00 og få snakka med ein av vaktene.

Initiativet til «Til for bonden» kom frå ein bonde som opplever at mange har behov for nokon å snakka med.

Kva er «Til for bonden»?

- Du kan ringa og snakka med ein erfaren bonde, som kan hjelpa deg vidare, eller vera til stades for deg der og då.
- Det er eit lågterskeltilbod,
- Vakttelefonen er gratis. Henvisning vidare kan vera betalingsteneste.
- Tilbodet er ikkje eit tilsyn. Derimot må vaktene vita kva tid dei har varslingsplikt.
- Tilbodet er uavhengig av organisasjonstilknytning.
- Nye i næringa får trygghet for at det finst ein arena dei kan ta kontakt med dersom dei får vanskar.
- Alle som står bonden nær, kan ta kontakt med vaktene.

Kvifor «Til for bonden»?

- Det kan vera godt å ha ein å snakka med om arbeidspress og ansvar opplevast for stort
- Det er store strukturendringar i landbruket. Det kan opplevast som tøft for mange.
- Blir utfordringane for store for den enkelte, kan det ramma både den enkelte, familien og andre som står bonden nær. Det kan også gå ut over dyra.
- Drifta på gardane er større og meir kompleks i dag, så konsekvensane er ofte større enn tidlegare.
- Ny og krevjande teknologi gjer at det ikkje er enkelt å skaffa avløysar.
- Knappe marginar kan gi økonomiske bekymringar, og arbeid utanom garden gir relativt små inntekter i forhold til det som er behovet.
- Sjukdom og dødsfall kan gjera ein vanskeleg situasjon endå tøffare.
- Arbeidet som bonde kan vera einsamt. Ektefellen er ofte ute i anna arbeid, og familiesituasjonen kan gi nye utfordringar.

Krav til vaktene

- Det er etablert ei gruppe erfarne bønder med stor tillit i landbruket.
- Desse krava vert stilt til vaktene:
 - Har legitimitet
 - Kan opptre fortruleg
 - Har kjennskap til aktuelt nettverk
 - Er handlekraftig
- Alle vaktene vil ha teieplikt.

Om prosjektet

- I 2011 vart forprosjekt «Til for bonden» oppretta.
- Forum Ku tok initiativet. Utgangspunktet var at Rogalandslandbruket manglar ei vaktordning der ein kan venda seg til på bonden sine premisser i vanskelege saker.
- Konklusjonen frå forprosjektet er at det er behov for eit lågterskel tilbod i Jær-jordbruket.
- Dette prosjektet vert i første omgang prøvd ut i dei åtte kommunane Randaberg, Stavanger, Sola, Sandnes, Klepp, Time, Hå og Gjesdal.
- Prosjektet varer 2013-14. Deretter er målet varig drift.

Finansiering

Prosjektet er finansiert av midlar frå Fylkesmannen, landbruksavdelinga. I tillegg er landbruksbedrifter, bankar og nokre kommunar inne og støttar prosjektet økonomisk.

Styringsgruppa for prosjektet er:

Erling Søyland, bonde, prosjektleiar
Landbrukets HMS
Jæren Bedriftshelseteneste
Rogaland Bondelag
Norsk Landbruksrådgiving Rogaland, prosjektansvarleg
Fylkesmannen, landbruksavdelinga

I dag er prosjektet forankra hos Norsk Landbruksrådgiving Rogaland (NLR Rogaland), som held til i Rogaland Landbrukspark, Særheim.

Meir informasjon får du hos:

Erling Søyland tlf. 908 26 618 erling.soeyland@tjesseimsamdrift.no

Norsk Landbruksrådgiving Rogaland si nettside: rogaland.lr.no

Landbrukets HMS si nettside: <http://www.lhms.no/>